



Årsmelding for 2022

1. Styret

Dette styret vart valt på årsmøtet 20.02.2022. Styret konstituerte seg på styremøtet 02.03.2022.

Sigrid Espeland Lerbak, leiar (vald for eitt år)	Varamedlemer:
Harry Solberg, nestleiar (attvald for 2 år)	1. Knut O. Dale (valt for eitt år)
Harald Jordal, skrivar (ikkje på val)	2. Ingvild Jøsendal (valt for eitt år)
Håkon Tverdal, kasserar (ikkje på val)	3. Ragnhild Helle (valt for eitt år)
Solveig Grønlien (attvald for 2 år)	Valnemnd: Siri Jordal (leiar), Tommy Tverdal og Gudrun Eimstad Revisor: Dagmar Lien Isdal.

I 2022 hadde styret ti møte inkludert eit reint planleggingsmøte.

2. Medlemstalet

Medlemstalet i 2022 var på 142, og det er ein framgang på to medlem samanlikna med medlemstalet i 2021.

3. Tilskipingar

Etter årsmøtet 20.02.22

Terje Kollbotn informerte om arbeidet med å styrkja nynorsken sin posisjon i Vestland fylkesting.

Kvitanesen Torbjørn Ljones på Litteraturhuset 20.03.22

Stand på Røldalsmarknaden 18.-19.06.22

Politiske møte vedrørende revisjon av opplæringslova 7.09.22

Møte med leiar i Utdannings- og forskingskomiteen på Stortinget Hege Bae Nyholt, Jeanett Syversen i opplæringsutvalet i fylkestinget og fungerande leiar i Noregs Mållag Synnøve Marie Sætre for å sikra Oddamodellen trygg basis i den nye opplæringslova, som no er på høyring og der modellen er føreslege lovfesta. I debattpanelet sat også dalgleg leiar i LNK nynorsk kommunane Svein Olav Langåker og Raudtpolitikar Terje Kollbotn.

På storskjerm deltok Liva Thiis og styreleiar i LNK nynorsk kommunane Sara Sekkingstad. I salen deltok Hordaland Mållag med leiar Ane Landøy og organisasjonskonsulent Sahra Torsvik.

Politikarane og Odda Mållag v/Knut O. Dale hadde møte med Odda ungdomsskole. Etterpå var det lukka møte med styret i Odda Mållag, politikarane og inviterte gjester, før det opne møte. Radio Folgefonn gjorde opptak av det opne møtet. Dette kan høyrast via www.oddamallag.no.

Den årlege kulturkvelden med lansering av Odda i manns minne 20.11.22

Den viktigaste programposten denne kvelden, var presentasjon av Odda i manns minne. Harry Solberg, som har vore både nav og dynamo i alle utgjevingar, fortalde kortfatta om prosjektet. Dette er den 31. utgjevinga. Dei som har ytt bidrag til boka, fekk eit eksemplar kvar. Odda Trykk og Reklame AS v/Kjell Gerhard Hauge fekk blom for godt redigeringsarbeid.

Kristen D. Eitrheim vart overrekt målprisen for 2021.

Ungdomslaget selde mat og kaffi. Elles var det allsong, loddsal, tippetevling og lun stemning.



4. Annan aktivitet

Havets heltar

Ungt entreprenørskap ved Odda vidaregåande skule gav ut ei barnebok om bærekraft. Odda Mållag hjelpte med å oversetja boka til nynorsk og finansiering av nynorskutgåva med kr 7500,-. Alle skular og barnehagar i kommunen har fått eit eksemplar av nynorsk utgåva av Odda Mållag.

Fjellvetreglane

Basert på Sylfest Lomheim si oversetjing av fjellvetreglane, har Odda Mållag utforma ein plakett som er montert i undergangen på Korlevoll. Denne har vi også for sal i A5 storleik.

Lysingar i Hardanger Folkeblad

- Innskrivinga 2022
- Årsmøte 2022
- Politisk møte om opplæringslova
- Kulturkvelden med lansering av Odda i manns minne.

Møte med Vaksenopplæringa i Ullensvang kommune 17.10.22

Knut O. Dale og Harald Jordal har hatt møte med rektor ved Vaksenopplæringa i Ullensvang kommune vedrørende nynorskundervisninga.

Møte med Odda barneskole 12.10.22 og 6.12.22

For første gong i nyare tid er det ikkje bokmålsklasse på første trinn ved Odda barneskole. Nokre elevar ønska å ha bokmål. Desse elevane får bruka bokmålsbøker i alle fag utanom norskfaget.

Knut O. Dale og Harald Jordal har hatt fleire møte med rektor Nina Førde ved Odda barneskole vedrørende den uheldige ordninga.

Salsbu på Sørfjordsenteret

Etter lanseringa av Odda i manns minne har Odda Mållag v/Solveig Grønlien og hjelparar vore representert på salsbu på Sørfjordsenteret torsdag-laurdag heilt fram til jul.

Nasjonalbiblioteket

Odda i manns minne fram til og med 2019 er no tilgangelege digitalt på Nasjonalbiblioteket (www.nb.no).

Meir nynorsk i kvardagen

Vinmonopolet i Odda har vorte nynorsk-pol på oppmoding frå Odda Mållag.

5. Deltakarar frå Odda Mållag på ulike møte

Årsmøtet til Hordaland Mållag 06.03.22 hadde følgjande utsendingar frå Odda: Harald Jordal, Håkon Tverdal, Tommy Tverdal, Sigrid E. Lerbak, Knut O. Dale og Solveig Grønlien. Dei to sistnemnde representerte Hordaland Mållag. Talarstolen vart hyppig brukt av representantane frå Odda.

Etter årsmøtet heldt Håkon Tverdal eit kurs i bruk av nynorsk på ulike plattformer, nettsider og appar.

Landsmøte i Oslo 03.04.22 hadde følgjande utsendingar frå Odda: Knut O. Dale, Ingvild Jøsendal og Sigrid E. Lerbak. Talarstolen vart hyppig brukt av representantane frå Odda.

På motivasjonsseminar i Oslo 9.-10. september i regi av Noregs Mållag, deltok Håkon Tverdal og Sigrid E. Lerbak.



6. Odda i manns minne nr. 31

Opplaget var i år på 1000 eksemplar. I skriftstyret sit Harry Solberg, Kristen D. Eitrheim, Ingvild Jøsendal og Harald Jordal. Solveig Grønlien og Håkon Tverdal har administrert salet.

Kvaliteten av denne utgjevinga er fullt på høgde med tidlegare bøker.

7. Gåver, tilskot og andre påskjøningar

Målprisen for 2021 vart gitt til Kristen Daniel Eitrheim. Grunngevinga ligg på www.odda-mallag.no.

Pris til beste nynorskelev ved Odda vidaregåande skule gjekk til Caroline Velure Lirhus. Prisen er på 2 500 kr og medlemskap i Norsk Målungdom ut 2023.

Målblom for god bruk av nynorsk og nynorsknær oddadialekt er tildelt May Helen Bleie og Vidar Solvi.

Odda Mållag vedtok å løyva midlar Radio Folgefonn til innkjøp av hovudtelefon.

8. Økonomi

Kontingenten i 2022 var på kr 360,- for ordinær medlem og kr 180,- for husstandsmedlem. Odda målag har ikkje lokalsats, det betyr at alt det medlemmene betaler inn går til Hordaland mållag og Noregs Mållag.

Rekneskapan vert lagd fram på årsmøtet. Økonomien til Odda Mållag er god.

9. Nynorskprosenten i Odda-skulane

I skuleåret 2022/23 har 69 % av elevane i «gamle» Odda kommune nynorsk som hovudmål. Dette er like høg prosent som førre skuleår. Tala er henta frå GSI (Grunnskolenes informasjonstjeneste) pr. 01.10.22.

For første gong i nyare tid er det ikkje bokmålsklasse på første trinn ved Odda barneskole. Nokre elevar ønska å ha bokmål. Desse elevane får bruka bokmålsbøker i alle fag utanom norskfaget. Odda mållag har hatt møter med rektor ved Odda barneskole ang. denne uheldige ordninga.